



HJULSKIFT: Det breie moldoviske togbjala vert trilla vekk og erstatta med vesteuropeisk standard.

Hjulskift med Dracula

På grensa mellom Moldova og Romania vil eg studere korleis toget får skifta hjulsett. Men ein brysk grensepolitimann jagar meg inn att i kupeen, som eg deler med Dracula.

Text MARIITBENZ **Foto** HEIDI HATTSTEIN & MARIITBENZ

James Cook plar vere til å stole på, men sjølv denne mursteinen med togethellar for heile Europa klarer ikkje å fange opp alle nedskjeringsane av togtruter i Moldova for tida. På dei nye kartet mitt går det dessutan togliner både her og der. Men det går ikkje tog på alle. Før 1991 reiste folk mykje rundt i heile den enorme Sovjetunionen, no har ingen råd. Kussland stoppa dessutan den massive vinimporten frå Moldova i 2006. Dermed vart det fattigaste landet i Europa enda fattigare.

Langt mellom toga

Den korte og mest interessante jernbanen mellom hovudstadene Chişinău i Moldova og Bucureşti i Romania finst berre på kartet. Det einaste toget som framleis går, er via lag i nord. Her gjikk det for kort tid sia fem tog i døgn, men ifølgje tre månader gamle James Cook går det no berre eitt. På stasjonen får eg vite at nattoget no går berre annankvar dag, og eg må reise ein dag før planen. Kva



KUPE-
KAMERATEN: Trailersjåfor Adrian Kusu vert utan i vite det utsatt for paramidefordommar frå ein norsk medpassasjer.

skal eg gjøre eit ekstra døgn i Romania? Det dukkar kanskje opp noko spennande undervegs, tenkjer eg. Så dumpa Dracula ned i kupeen min. Ein høg, tynn kar med innsokne auge og noko villi blikket. Er ikkje hjørnetenne



ROMANIA: Togsporet til Kosia Montana er eitt av mange som er på veg at-
tende til naturen



CHISINAU, MOLDOVA:

Så ny og vakker jernbamestasjon, og så få tog...



TRAIN-SPOTTING:

Et smil medan både den reis-
ande og ragnet
tek ein pause i
Bucau i Romania.

unormalt lange? Men eg har kvitlauk i sekken og spanderer sosialtjekkjernar.

Halvparten av vognna er okkupert av ti døve franskmenn, som har vitja likesinna i Moldova. Dei har også hatt språkproblemer.

Dracula skal til Bacau for å ordne nokre papir. Han er trailerstjefør for eit belgisk firma, har nertopp vorte får og skal på jobb igjen om 14 dagar. Han køyrer over heile Europa med alt frå øl og kler til elektriske arrikklar. Vi snakkar ei blanding av engalsk og russisk om den politiske situasjonen i Moldova og der spente tilhøvet til Romania, særleg etter siste val.

– Eg har høyrt at sonen til presidenten er mafioso, men faren er vel ikkje så verst?
– Han er faren!

Møte med øvrighelta

I grensebyen Ungheeni kjem ei streng dame i stram uniform på for å sjekke pass.

– Kor har du vore? Kor lenge? Kvifor? Kva har du gjort?

Eg svarer som sant er at eg er journalist.

– Kva skriv du om?
Eg renkjer meg om eit par sekund. Reiserportastjar, svarer eg. Det er jo sant. Der også.

Det er framleis ulik sporbreidd mellom tidlegare Sovjetstatar og resten av Europa, fordi paranoide Stalin var redd Vesten skulle bruke jernbanenettet under ein eventuell invasjon. Vi køyrer inn på hjulskiffstasjonen. Uendeleg med hjulsett ligg stable på begge sider av skjenene. Når toget stoppar,

hoppar eg ut med kamera, dette skal sanneleg forevigast til Jernbanemagasinet.

Den godsleige konduktøren – provodniken – kjem springande med ei engsreleg mine, skortar båk seg, du må ikkje gå ut av toget! Skynd deg inn att før nokon ser deg. Dracula protesterer og ropar at dette er jo ein journalist frå

Noreg, på jobb. Eg prøver å dempe han, det er jo ikkje naudsynt at heile staben av grensevakter og politi får greie på at det er ein journalist om bord, men han meiner visst nertopp det.

Eg vil ikkje skape trøbbel for provodniken, så eg hoppar lydigg inn att. Men heldigvis vart det skifta hjul på eit øg ved sida av, så eg står i døra og knipsar i veg. Men nei, her kjem grensepolitret

med høg hue og skarp stemme. Eg vart sendt inn på kuppeen min med beskjed om å halde meg der, til meir halvbjarta protestar frå Dracula denne gongen.

Men dei døve får fotografer! Dei står som sild i tonne med dei små kameraa sine i døra – klikkk klikkk klikkk. Så etter nokre minutt furtande i kuppeen min mengeter eg meg med dei og får forevigea hjulskiftet på nabotoget – heilt til politimannen kjem att med kjefbruk og peikefinger – i skammekroken igjen!

Men eg har bilera og smiler triumferande til den bistre dama som kjem for å sjekke passa enda ein gong.

Dracula har symfoniar og filmmusikk av den moldoviske komponisten Eugen Doga på mobilen. ►

GRENSE-PASSERING:

Etter diverse passkontrollar kjem ein lege i hvitt frakk og delar ut info om sminneflurenstuen.



SAKTE PAPPATID: Marieta og papppa er på veg til Cluj-Napoca.



ORIENT-EKSPRESSEN I ROMANIA: Den opphalelege orientekspressen gikk via Oradea på grensa til Ungarn til Giurgiu, der passasjerane vart ført med ferje over Donau til Bulgaria.

FARVEL CHISINAU:

Smart startar reisa, like spennande for liten som for stor.

► Trailerstjeføren lyrtar mykje til klassisk musikk herme, saman med kona, som er sjukepleiar. Dracula? Det stemmer litt betre når han fortel at i bilen høyrer han heller på Rammstein, tysk tungrock.

Pysete vampyr

På andre sida av vår kupé held ein ung lege med to små barn til. Ho kjenner ein MS-eksport i Bergen. Alle dørene står opne ut til gangen, og ungeane spring ut og inn hos oss. Dei liker Dracula, som fortel at han heiter Adrian

og aldri tek opp haikarar, for det kan vere færlig.

– Ikke unge jenter heller, du risikerer å brått få ei kule i hovudet – pang.

– Du er mistenksom, du? – Nei, realistsk. Eg er optimist og realist, smiler han, og hjørnemannene er nesten heilt normale.

Han har øl, eg har brød og banan, vi deler sånn ein skal på ei skikkelleg togreise. I løsi er det ny passkontroll, men dei rumenske grensevaktene kastar berre eit blikk på oss. Dei liker Dracula, Dracula skal gå av toget i Bacău

klokka ti på to rom natta. Kvifor ikkje stoppe der? Kontoret han skal besøke opnar klokka åtte neste morgon, han har tenkt å sove på stasjonen.

– Om du hjelper meg med å finne eit billig hotell, spanderer eg ei seng på deg, seier eg. Og angrar i neste sekund.

Vi kaprar ei drosje, sjeføren snakkar berre rumensk og køyrer ut av byen, til eit underleg hus i eit skogholt. Ei portesur dame ser frå den unge moldoviske mannen til den halvgamle flygsekklama frå Noreg og tenkjer sitt.

– Eit rom med TO senger, presser eg. Vi får rom med ei dobbeltseng. Og ei dyne. Kva i svart natta er det eg har gjeve meg ut på? Dracula går for å kjøpe ein øl, eg hugsar letta på soveposen – tullar ut, krypp godt ned, plasser kvitlauken under puta og får ikkje sove.

Fordomsfjerning

Den beste måten å kvitte seg med fordommor på er å oppsøke objekta for desse fordommane. For meg har Romania vore Dracula, forferdelege harnehemar, sigøyne-

rar og tiggjarar på Karl Johan. Det er fleire rumenske tiggjarar der enn i Bucuresti. Eg har så langt møtt berre trivelege folk, men no ligg eg altså her ved sida av ein framaandkar med vilt blikk, gule hjørnetenner og tung pust. Kegenr puskar mot ruta. Grufulle scenario fyk gjennom skallen min.

Plutselig er det morgon, eg har dårleg samvit for mistrua mi, er eg iferd med å bli like paranoid som ein gjennomsnitts amerikakar? Min time seinare står eg i høljereggen på stasjonen art, lyen er nitrist, eg ser på kartet og kjøper

billett til Buzău. Dit skal også Carmen Ciuchina, ein djupreligiøs kontaktsjonskontrollør som med stor entusiasme instruerer meg i nokre fysiske øvingar som er bra for stiv nakke. Vi har gymnastikktime i midtgangen og etterpå fortel ho meg om dei to gifteringane sine. Og eg fortel om Dracula som eigentleg heitte Adrian og berre var nok eit triveleg reisefølge som ein alltid møter på togreisjer.